

STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

**Avdeling for
Infrastruktur og veg (INV)**

| | |
|-------------------------|----------------------------------|
| Dato | 27.04.2023 |
| Vår referanse | 2022/52833-2 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Jostein Justin Vandaskog |
| E-post | Jostein.Justin.Vandaskog@vlfk.no |
| Telefon | 92063330 |

Ber om vedtak - Særskild fartsgrense - Fv. 567 - Helldal - Hosanger - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune ber med dette om at det vert gjennomført høyring og gjort vedtak av ny særskild fartsgrense 60 km/t mellom Helldal og Hosanger som vist på vedlagde skiltplan datert 21.04.2023.

Innstilling til vedtak om endra fartsgrense

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne grunnlag til å innstille på følgjande:

- Det skal gjelde særskild fartsgrense 60 km/t fra FV567 S4D1 m3175 til FV567 S4D1 m4598

Strekninga har i dag generell fartsgrense 80 km/t. Frå m4598 og vidare gjennom tettstaden Hosanger er det i dag fartsgrense 50 km/t.

Innstilling til vedtak om endra skilt, signal eller oppmerking

I samband med utplassering av nye fartsgrenseskilt er eit eksisterande skilt 206 forkørsveg og eit 723.15 vegruteskilt føreslått flytta. Eksisterande forkørsregulering vert uendra. Det er også føreslått å legge til to nye 206 forkørsvegskilt ved eksisterande vegkryss som vil få auka trafikk etter realisering av planlagd utbygging.

Skilt skal plasserast som vist i vedlagde plan datert 21.04.2023.

Skilt vist i fargar erstattar tidlegare reguleringar på same stad. Eksisterande skilt som ikkje er vist på planen, eller som er vist i gråtonar, gjeld som før.

Skilta gjeld frå dei er sett opp/etablert og avdekka.

Bakgrunnen for vedtaket

Vi har vurdert om det er grunnlag for fartsgrense 60 km/t for strekninga frå Helldal til Hosanger ved bruk av fastlagd rek nemodell for 60 km/t. Registrering av kryss, avkørsler og aktivitet på strekninga, og kopi av utrekninga ligg vedlagd. Strekninga er ikkje spesielt ulykkesbelasta - det er registrert to utforkøyringsulykker dei siste 10 åra. Vegen er litt for smal for midtoppmerking, men personbilar kan stort sett møtast uhindra. Vegen er ikkje spesielt svingete, men det er nokre svingar med litt dårlege siktilhøve. Årsdøgntrafikken er 1300 der andelen tunge køyretøy er 8%. Det er spreidd busetnad i området og relativt få mjuke trafikantar. Det er ikkje separat gangvegtilbod, og berre delvis veglys. Reknemodellen tilrår fartsgrense 60 km/t på strekninga etter dagens høve.